vigo
Interkommunalt selskap

# Førebuing/ Forberedelse

02. juni 2016

DRA 2007
Teater i perspektiv 2

**Programområde:** Musikk, dans, drama

**Eksamensdato:** 03. juni 2016

Nynorsk/Bokmål

## Nynorsk

| Informasjon til førebuingsdelen | |
|---|---|
| **Førebuingstid** | Førebuingstida varer éin dag. |
| **Hjelpemiddel** | På førebuingsdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett.<br><br>På eksamen er alle hjelpemiddel tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Informasjon om vurderinga** | Det er kompetansemåla i læreplanen som seier kva kompetanse det er venta at du viser til eksamen. Læreplanen i faget finn du på www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/ |
| **Andre opplysningar** | Eksamensoppgåvene er knytte til tekstane i denne førebuingsdelen.<br>Du skal ta med deg dette heftet og notata dine på eksamensdagen. |

## Tema/Situasjonsbeskriving

Bruk førebuingstida til å fordjupe deg i realistisk teater hos ein sentral teaterfornyar som levde i Russland siste halvdel av 1800-talet til første halvdel av 1900-talet.

I tillegg skal du førebu deg på minst to andre sentrale teaterfornyarar frå 1900 til til i dag som ikkje representerer realistisk teater.

| **Informasjon om vurderinga** | <u>**Vurderingskriterium**</u><br><br>**Teaterhistorisk kunnskap**<br>Eleven kan<br>- gjere greie for fagomgrep og teaterhistorie<br>- bruke relevante eksempel<br><br>**Teaterhistorisk forståing**<br>Eleven kan<br>- vise til teaterhistoriske samanhengar<br>- bruke fagomgrep<br>- begrunne synspunkta sine ut frå kunnskap om teaterhistorie og analysere årsaker til utvikling og endring<br><br>**Evne til drøfting og refleksjon**<br>Eleven kan<br>- drøfte sentrale utviklingstrekk<br>- drøfte samanhengar mellom samtidige og historiske teateruttrykk<br>- drøfte samanhengar mellom teori og praksis<br><br>**Kjeldebruk**<br>Eleven kan bruke kjelder på ein hensiktsmessig måte<br><br><u>**Kjenneteikn på måloppnåing**</u><br><br>**Framifrå kompetanse (6)**<br>- **Teaterhistorisk kunnskap**<br>Eleven presenterer relevant kunnskap sjølvstendig, sakleg og presist. Eleven bruker fagterminologi korrekt og hensiktsmessig og gir treffande eksempel.<br><br>- **Teaterhistorisk forståing**<br>Eleven viser svært stor forståing for teaterhistoriske samanhengar og grunngjev synspunkta sine på ein utdjupande og sjølvstendig måte. |
|---|---|

| | |
|---|---|
| | - **Evne til drøfting og refleksjon**<br>Eleven drøfter breitt og kritisk ved å belyse teoriar og påstandar frå fleire teaterteoretiske synsvinklar. Argumentasjonen er logisk samanhengande og fører fram til konklusjonar.<br><br>- **Kjeldebruk**<br>Eleven bruker kjelder som underbygger drøftinga, synspunkta og konklusjonen. Eleven har kjeldetilvisingar og bruker desse korrekt.<br><br>**Svært god/god kompetanse (5-4)**<br>- **Teaterhistorisk kunnskap**<br>Eleven presenterer relevant fagkunnskap samanhengande, men med varierande presisjon. Eleven bruker fagets sentrale omgrep og gir relevante eksempel.<br><br>- **Teaterhistorisk forståing**<br>Eleven viser forståing for teaterhistoriske samanhengar og grunngjev påstandar på ein god måte, men kan utdjupe nærmare.<br><br>- **Evne til drøfting og refleksjon**<br>Eleven drøfter fleire sentrale punkt på ein sakleg måte. Argumentasjonen er i hovudsak logisk samanhengande og i noko grad sjølvstendige, og fører i nokon grad fram til konklusjonar.<br><br>- **Kjeldebruk**<br>Eleven bruker kjelder som underbygger drøftinga, synspunkta og konklusjonen. Eleven har med kjeldetilvisingar.<br><br>**Nokså god/lav kompetanse (3-2)**<br>- **Teaterhistorisk kunnskap**<br>Eleven presenterer fagkunnskap med noko samanheng og bruker enkelte faglege omgrep og eksempel.<br><br>- **Teaterhistorisk forståing**<br>Eleven viser forståing for eit smalt utval punkt. Grunngjevingane er lite utdjupande.<br><br>- **Evne til drøfting og refleksjon**<br>Eleven behandlar eit smalt utval punkt og analyserer og drøfter i liten grad. Argumentasjonen er enkel og springande, og resonnementa er laust samansette og utan klare konklusjonar.<br><br>- **Kjeldebruk**<br>Eleven bruker i liten grad kjelder som underbygger drøftinga, synspunkta og konklusjonen. Eleven har mangelfulle kjeldetilvisingar. |

## Bokmål

| Informasjon til forberedelsesdelen | |
|---|---|
| **Forberedelsestid** | Forberedelsestiden varer én dag. |
| **Hjelpemidler** | På forberedelsesdagen er alle hjelpemidler tillatt, inkludert bruk av Internett.<br><br>På eksamen er alle hjelpemidler tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Informasjon om vurderingen** | Det er kompetansemålene i læreplanen som beskriver hvilken kompetanse det forventes at du viser til eksamen. Læreplanen i faget finner du på www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/ |
| **Andre opplysninger** | Eksamensoppgavene er knyttet til tekstene i denne forberedelsesdelen.<br>Du skal ta med deg dette heftet og notatene dine på eksamensdagen. |

## Tema/Situasjonsbeskrivelse

Bruk forberedelsestiden til å fordype deg i realistisk teater hos en sentral teaterfornyer som levde i Russland siste halvdel av 1800-tallet til første halvdel av 1900-tallet.

I tillegg skal du forberede deg på minst to andre sentrale teaterfornyere fra 1900 til i dag som ikke representerer realistisk teater.

<table>
<tr>
<td>Informasjon om vurderingen</td>
<td>
<u>Vurderingskriterier</u><br><br>
Teaterhistorisk kunnskap<br>
Eleven kan<br>
- gjøre rede for fagbegreper og teaterhistorie<br>
- bruke relevante eksempler<br><br>
Teaterhistorisk forståelse<br>
Eleven kan<br>
- vise til teaterhistoriske sammenhenger<br>
- bruke fagbegreper<br>
- begrunne sine synspunkter ut fra kunnskap om teaterhistorie og analysere årsaker til utvikling og endring<br><br>
Evne til drøfting og refleksjon<br>
Eleven kan<br>
- drøfte sentrale utviklingstrekk<br>
- drøfte sammenhenger mellom samtidige og historiske teateruttrykk<br>
- drøfte sammenhenger mellom teori og praksis.<br><br>
Kildebruk<br>
Eleven kan bruke kilder på en hensiktsmessig måte.<br><br>
<u>Kjennetegn på måloppnåelse</u><br><br>
Fremragende kompetanse (6)<br>
- Teaterhistorisk kunnskap<br>
Eleven presenterer relevant fagkunnskap selvstendig, saklig og presist. Eleven bruker fagterminologi korrekt og hensiktsmessig og gir treffende eksempler.<br><br>
- Teaterhistorisk forståelse<br>
Eleven viser svært stor forståelse for teaterhistoriske sammenhenger og begrunner sine synspunkter på en utdypende og selvstendig måte.
</td>
</tr>
</table>

| | |
|---|---|
| | - **Evne til drøfting og refleksjon**<br>Eleven drøfter bredt og kritisk ved å belyse teorier og påstander fra flere teaterteoretiske synsvinkler. Argumentasjonen er logisk sammenhengende og fører fram til konklusjoner.<br><br>**Kildebruk**<br>Eleven bruker kilder som underbygger drøfting, synspunkter og konklusjon. Eleven har kildehenvisninger og bruker disse korrekt.<br><br>**Meget god / god kompetanse (5-4)**<br>- **Teaterhistorisk kunnskap**<br>Eleven presenterer relevant fagkunnskap sammenhengende, men med varierende presisjon. Eleven bruker fagets sentrale begreper og gir relevante eksempler.<br><br>- **Teaterhistorisk forståelse**<br>Eleven viser forståelse for teaterhistoriske sammenhenger og begrunner påstander på en god måte, men kan utdype nærmere.<br><br>- **Evne til drøfting og refleksjon**<br>Eleven drøfter flere sentrale punkter på en saklig måte. Argumentasjonen er i hovedsak logisk sammenhengende og i noen grad selvstendige og fører i noen grad fram til konklusjoner.<br><br>- **Kildebruk**<br>Eleven bruker kilder som underbygger drøfting, synspunkter og konklusjon. Har kildehenvisninger.<br><br>**Nokså god / lav kompetanse (3-2)**<br>- **Teaterhistorisk kunnskap**<br>Eleven presenterer fagkunnskap med noe sammenheng og bruker enkelte faglige begreper og eksempler.<br><br>- **Teaterhistorisk forståelse**<br>Eleven viser forståelse for et smalt utvalg punkter. Begrunnelsene lite utdypende.<br><br>- **Evne til drøfting og refleksjon**<br>Eleven behandler et smalt utvalg punkter og analyserer og drøfter i liten grad. Argumentasjonen er enkel og springende, og resonnementene er løst sammensatt og uten klare konklusjoner.<br><br>- **Kildebruk**<br>Eleven bruker i liten grad kilder som underbygger drøfting, synspunkter og konklusjon. Mangelfulle kildehenvisninger. |

www.vigoiks.no/eksamen

vigo

Interkommunalt selskap